

Planlegg for over 20 bustader

Arbeidet med detaljreguleringa for det kommunale bustadfeltet Øvre Hogane i Stryn blir no varsle sett i gang. Det kan potensielt kome vel 20 einebustader i felta, opplyser Fjordingen.

Færre fødslar i Førde og Volda

Det var ein nedgang på 128 fødslar, frå 931 til 803, innan Helse Førde frå 2021 til 2022. I Volda var 427 fødslar i fjor, noko som er 82 færre enn året før, skriv Fjordabladet.

Fleire vil jobbe frivillig

Generalsekretær for Frivillighet Norge, Stian Slotterøy Johnsen, seier til NRK at dei har sett ein stor auke i interessa for å vere frivillig. Dei siste to vekene har talet på besøkande på frivillig.no stige med 200 prosent, og over 1.000 har meldt seg til ulike aktivitetar igjennom nett-sida. (©NPK)

Ny cruiserekord i Olden

230.000 cruise gjester besøkte Loen og Olden i 2022. Om alt går etter planen, kan ein plusse på ytterlegare 100.000 i år, skriv Fjordingen.

Gjer seg klar for 130.000 besøkande

Nordjord Havn gler seg til 39 cruiseanløp med potensielt 130.000 gjester i Måløy til sommaren, skriv Fjordenes Tidende.

Kort tidsfrist og lite informasjon provoserer brukarane

Kort tidsfrist og manglande informasjon før stenging av fv 615 har provosert daglege brukarar. – For oss er det viktig å få tidleg og tilstrekkeleg informasjon, seier Alf Erik Rørvik.

JAN NIK. HANSEN
jannik@firdatidend.no

I perioden fra 9. til 17. januar vert fv 615 mellom Hyen og Sandane nattestengd i tidsrommet kl. 20:00 - kl. 07:30. Vegen var også stengd om dagen tysdag 10., onsdag 11. og torsdag 12. januar mellom kl 07:30 og kl. 19:00.

Kort frist

På dagtid vert vegen opna i tidsrommet kl. 07:00 - 07:30 om morgonen, kl. 15:00 - 16:00 om ettermiddagen og kl 19:00 - 20:00 om kvelden. Det vert også mogeleg å kome fram om natta då vegen vert opna for gjennomkjøring kl. 22:00, 24:00 og 03:00. Det vert opplyst at naudetataane vil sleppe gjennom.

Vegstenginga vart varsle søndag på 175.no, dagen før stenginga tok til å gjelde. Dette har provosert mange daglege brukarar av vegen. Det går mellom anna fram av ei rekke innlegg på Facebook-gruppa til Hyen.

Ein av dei kritiske er Alf Erik Rørvik, som bur i Hyen og arbeider på Sandane.

– Vi er sjølv sagt glade for at vegen vert rydda og sikra, men for oss brukarar gjeld det å få tidleg informasjon og tilstrekkeleg informasjon til å planlegge dagane. Mange har reagert, seier han.

Kom opp skilt

Alf Erik Rørvik fortel at det



Mange er provoserte over sein varsling og lite informasjon om stenginga av fv 615.

kom opp skilt som varsle stenginga utan at det var lagt ut informasjon på nettet.

Også Harald Moen, som bur på Holme, er kritisk. Han tykkjer informasjonen er elendig, og peikar på at det dagleg er mange som skal til kommunesenteret for å gå til lege, tannlege eller har andre gjeremål. Han er kritisk til at vegen vert stengd utan at bygda er involvert og informert i god tid på førehand.

– Det einaste vi har fått vite om bakgrunnen for stenginga er at ein stein har falle ned frå tunneltaket i Fløgatunnelen, seier han.

Forstår

Roar Edmund Flisram er byggjeiar i tunnelavdelinga i Vestland fylkeskommune.

– Eg forstår veldig godt kritikken. Natt til 4. januar ramla det ned ein kubikkmeter Stein

frå taket i Fløgatunnelen. Vi hadde geolog til stades og torde ikkje anna enn å stengje vegen, fortel han.

I frykt for nye nedfall, vart det teke ei hasteavgjerd for å sikre tunnelen fortast råd.

– Dette arbeidet stod eigenleg for tur, men vi framskunda det for å få det gjort no, fortel han og vedgår at dei gjerne skulle ha varsle tidlegare og betre.

– Men vi torde ikkje halde vegen open lenger, seier han.

Skal bolte

No skal nedfallsområdet i tunneltaket reinskast. Deretter skal det sikrast med sprøytebetong og boltar.

Fløgatunnelen er 1.408 meter lang og ligg mellom Helleneset og Kleppenes. Litt nærmere Kleppenes er den 89 meter lange Gjølsvoratunelen. Her har det i lengre tid vore

problem med vatn i veggan, innsnevra veggane og redusert fartsgrense.

Alf Erik Rørvik meiner vassproblema no er løyste. Dei provisoriske dreneringsrøyra er fjerna, men han etterlyser at det vert lagt nytt asfaltdekke i tunnelen.

– Det burde gjerast no når

vegen likevel vert stengt, seier han.

Byggjeiar Roar Edmund Flisram opplyser at det vert lagt asfalt i Gjølsvora når sesongen for asfaltlegging startar, og telen er ute av bakken.



Val av generalforsamling i Sparebanken Sogn og Fjordane

Innflytarar kan foreslå kandidatar til val av generalforsamling i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Frist for forslag er 1. februar 2023

Dato for val er 1. - 2. mars 2023

Meir informasjon om valet finn du på ssf.no/innskytarval